

BERRE I EI DEMOKKRATISK HTMOSFERE KAN DEI
 VEKSA FRAM STORE SKARAR AV DYKTIGE FOLK!



OM DEN GRUNNLEGGANDE MOTSEIINGA I LAGET

TIL DISKUSJONEN:

Innanfor laget vårt her i Haugesund "sviv det ikring" ymse uproletariske oppfatningar. Dette hindrar oss i høg grad i å utvikle oss vidare framover. Føresetnadene for at me skal kunne løysa dei oppgåvene som den revolusjonære kampen i Noreg stiller oss, er at me gjer endeleg opp med desse galne oppfatningane, for elles vil me ikkje kunne makta oppgåvene. I det klassesamfunnet me lever i vil me aldri bli fullkomne kommunistar nokon av oss. Me vil alltid vere prega av borgarlege og småborgarlege idear, og må alltid vera på vakt mot desse. Og om ikkje dei leiande organa i laget fører ein sams og uforsonleg kamp mot slike galne oppfatningar og om oppfostringsarbeidet i laget er dårleg, kan oppfatningane lett utvikle seg og breie seg.

Storlagsstyret tek utgangspunktet sitt i at det har komme fram uproletariske oppfatningar av ymse slag i laget. Me skal prøve å syna korleis desse oppfatningane viser seg igjen i politikken vår og kva desse oppfatningane grunnar seg i.

Me har drøfta stoda ut i frå det som kom fram på møtet den 27. Me kan slå fast at hovudmotseiinga i gruppa akkurat nå, går mellom på den eine sida ei borgarleg individualisme og på den andre sida ei kollektiv innstilling, på den eine sida kvar einskild sine personlege, eigennyttige interesser, på den andre sida laget sine interesser og omsynet til revolusjonen. Individualismen gjev seg ymse utslag:

1: Manglande forståelse for den demokratiske sentralismen. Mindretalet nektar å retta seg etter fleirtalet sine avgjerder. Dette har synt seg ved at medlemmer som har vore usamde i vedtak om politiske aksjonar ikkje tek del i aksjonane. (17. mai, 1000-årsjubileumet, sabotering av linja med å delta på sommarleirane) Dette tærer vekk grunnlaget for demokrati i laget. Eit demokratisk fatta vedtak har ingen verdi om ikkje alle er med og set det ut i livet. Dei leiande organa har lagt alt for stor vekt på å halda laget "intakt" og har ikkje teke opp kampen med den ein-skilde på slike brot på den demokratiske sentralismen. På lengre sikt fører slikt til at laget vantar totalt slagkraft og disiplin. Dette er frå dei leiande organa si side ingenting anna enn opportuniste og grunnar seg i ein borgarleg individualistisk redsle for å ta kontakt med massane.

2: Personleg retta kritikk. Innanfor partiet er kritikken eit våpen som skal tena til å sveisa oss saman slik at me kan stå samla i den politiske kampen. Her i laget har me derimot sett eksempler på at kritikken har arta seg på ein oppløysande måte. Her

Ein heng seg opp i småting og evnar ikkje sjå dei grunnleggjande politiske feila. Kritikken blir åtak på personar, ikkje på den politikken dei står for og på det arbeidet dei gjer. Slik kritikk er overlag skadeleg, og leier til oppløysing og splitting av laget i klikkar som står mot kvarandre.

3: Slapphet i arbeidet. Folk kjem ikkje på møtene, og løyser ikkje enkle praktiske oppgåver dei blir tildelt. Dei ser ikkje kor viktig det er å arbeida aktivt. Dei klagar gjerne på tilhøva i laget men tek ikkje aktivt del i arbeidet med å betra dei. Dei klagar over dårleg nyrekruttering, men tek ikkje sjøl del i spreinga av propaganda. Slike haldningar hindrar laget svært i å gå framover. Alle tek ikkje del i viktige ordskifte og alle tek ikkje nyttige erfaringar med seg frå det praktiske arbeidet. Slik blir det politiske livet i eit lag dårleg.

4: "Likhetsmakeri". Leiande folk og folk som har ein brukbar arbeidsstil klagar over at alle ikkje gjer like mykje arbeid som dei sjølve. Dei vil stilla like store krav til alle folk same kva nivå dei har. Dette skrømer frå oss nye folk, og hindrar rekrutteringa.

5: "Leigesoldatpsykologien". I den grad folk gjer praktisk og politisk arbeid, gjer dei det ikkje for å fremja revolusjonen og partiet si sak, men for at deira overordna har sagt til dei at dei skal gjera det. Dette fører til at oppgåvene blir løyste på ein svært mekanisk og lite tilfredstillande måte. Me vil streka under det me snakka om i skrivet til møtet den 27: "Til nå har me sett på laget meir eller mindre som ei tilfeldig gruppe me er medlemmer i, som me har sagt oss viljuge til å driva politisk arbeid for og betala så og så mykje av pengane våre til kvar veke. Dette er feil, Laget vårt må ikkje vera ei gruppe som eksisterer utanfor oss sjølve. Det er eit kollektiv som me sjølve er ein del av, og som også må bli ein del av oss sjølve."

Det me har sagt her er for det meste grunna på det Mao seier i "Om korrigeringen av feilaktige oppfatninger i partiet." Me trur at dette kan danne eit godt utgangspunkt for diskusjonen på møtet. Me har sett tinga på spissen, og dei må diskuteras grundig igjennom før me legg opp til ein plan for å retta på feila.

TIL KORRIGERINGSPLANEN:

"Det må drives oppfostringsarbeid i partiet når det gjelder det indre partidemokrati, slik at partimedlemmene får en forståelse om hva demokratisk liv er, om hvilken sammenheng det er mellom demokrati og sentralisme, og hvordan den demokratiske sentralisme skal gjennomføres. Bare på den måten kan vi på den ene side få en riktig utfoldelse av det indre partidemokrati, og på den annen side unngå ultra-demokratismen, unngå at vi forviller oss inn på den liberale oppløsningens vei, som undergraver disiplinen. (s. 180 ø.)

"I den nåværende store kamp krever KKP av alle sine ledende organer, alle medlemmer og kadrer at de utfolder sin aktivitet i fullt monn. Vi kan bare seire hvis vi gjør dette. Denne aktiviteten må få konkret uttrykk i at de ledende organene, ~~utvider~~ kadrene og alle partimedlemmer utfolder en skapende virksomhet, viser ansvarfølelse og initiativ i arbeidet, stiller problemene dristig og dyktig, kommer fram med sine meninger, kritiserer mangler og kontrollere arbeidet som utføres i de høyere organene og av ledende kadrer, - og denne kontrollen må hvile på en omsorgsfull behandling av de personer det gjelder. Driver vi ikke arbeidet på denne måten, blir hele "aktiviteten" bare ramling med tomtønner. Men det å utfolde en slik aktivitet avhenger av demokratiseringen av partiets indre liv. Uten tilstrekkelig stort indre partidemokrati kan vi ikke utfolde noen aktivitet. Det er bare i en demokratisk atmosfære det kan vokse fram store skarer av dyktige folk. (§+ 178)

Styret i Størlaget.